

Referat SU- møte 01.12.22

Til stades:

Emilie Erga Bærheim	elevrepresentant
Amy Dyrset	elevrepresentant
Ingvild Ueland	elevrepresentant
Aud Hege Myrstøl Skrikrud	foreldrerepresentant og leiar av SU
Olav Andreas Lura	foreldrerepresentant og FAU- leiar
Irene Hundeide	lærarrepresentant
Hilde Malmin Kimo	lærarrepresentant
Edel Njærheim	representant for andre tilsette
Fridtjov Helland	kommunal representant- folkevald
Jorun Beate Fylkesnes	kommunal representant- rektor

### **Sak 18/ 22                      Godkjenning av innkalling og referat**

Innkalling til 01.12.22 og referat frå 22.09.22 blei lagt fram.

Innspel til referat 22.09.22:

- at Torhild Helen Melstokkå ikkje står referatført.
- At Hege er konstituert som leiar for SMU, då det i FAU- referatet står eit anna namn.

Kommentar til innkalling 01.12.22:

- Feil klokkeslett står i innkallinga.

Vedtak:

Innkalling og referat godkjent med kommentarane ovanfor.

### **Sak 19/ 22                      Pedagogisk utviklingsarbeid**

Tilsette orienterte om kva ein har arbeidd med i dei ulike utviklingsområda.

Trygt og godt skulemiljø har nyleg hatt siste regionale samling, før satsinga blir avslutta til årsslutt. Bore og Orstad skulane har planlagt to klyngesamlingar for våren.

Denne veka har skulen i utviklingsmøte hatt to lærarar frå CLAE- prosjektet inne som har delt og gitt påfyll med fokus på å planleggje undervisning som legg til rette for kritisk tenking hjå elevane.

Skulen følgjer kommunen sine implementeringsplanar for Kleppmodellen og Språkplanarbeidet.

Saka tatt til orientering.

**Sak 20/ 22****Reknskap**

Reknskapet i oktober synte eit forbruk på 80,2% mot forventa 81,6%. Ligg an til å gå til årsslutt med eit resultat på 100%.

Sjuefråver har hatt ei auke til 5,19% i oktober. For året sett under eitt er sjuefråveret på 4,6%, mot 10,5 % på same tid for eitt år sidan.

Saka tatt til orientering.

**Sak 21/ 22****Personalsituasjon**

Skulen har nyleg hatt ute ei utlysing då ein har behov for tre nye pedagogar over noko tid. Det var 6 kvalifiserte søkjarar, og ein har gitt tilbod til tre. Den første startar som kontaktlærer den 5.12.22, og ein startar opp den 10. januar som kontaktlærer.

Det er veldig bra at ein har fått tak i kvalifiserte personar på denne tida av året, og som kan tiltre så snarleg.

Det er vanskeleg å få tak i ringevikarar for tida.

**Sak 22/ 22****Skulerute for 23- 24**

Forslag til skulerute blei lagt fram. Ein gjennomgjekk denne, og synleggjorde kva for dagar som er aktuelle for skule og SFO å nytte til plandagar (som det skal vera 6.10 stk av). Det viktigaste rådsorganet til å seie noko om plassering av plandagar er Utdanningsforbundet ved Bore skule.

Det kom forslag om å leggje den eine plandagen for SFO- tilsette til 1. august, i byte mot den 15. august. Dette for å sikre god oppstart for elevane som startar i august. Slik situasjonen har vore til nå kjem både tilsette og barn samstundes tilbake til SFO, og det finnes ikkje reell arbeidstid til å førebu oppstart av SFO- året. Det vart stemt om dette forslaget, og 100% stemte for å ha plandag den 1. august. Dette vil bli spelt inn, saman med andre uttalar frå Bore- krinsen, til skulesjef.

**Sak 23/22****Orienteringssaker**

Elevråd: Har delteke på BUK (Barn og unges kommunemøte). Representant frå læringsmiljøsenderet v/ UiS snakka om mobbing, og elevråda diskuterte rundt bordene kva ein ville ta med tilbake til eigen skule. Ho viste og ein film om mobbing. Etter jul vil elevrådet arbeide meir med tema utesting.

FAU- leiar har delteke på elevrådsmøte.

MIPA (Miljøpatrulje) blir leia av elevrådet. Det handlar om at det kan vera elevar i friminutt som ikkje har nokon å vera med, som MIPA- elevar tek kontakt med. Dei kan invitere elevar med på aktivitetar som MIPA har planlagt for alle som vil. MIPA er synlege med refleksvestar. MIPA har og starta opp eit tilbod for elevar som syns det er vanskeleg å vera ute i friminutt.

Elevrådet har si årlege innsamling av pengar gjennom sal av kakeboksar. Inntektene vil gå til spel og inneleiker for dei eldste elevane.

Har drøfta reflekskampanje.

FAU:

FAU har starta reflekskampanje, og administrasjonen ved skulen har sendt ut informasjon til føresette i dag. Det er FAU som leiar kampanjen, og det vil vera premiar for nokre klassar. Det er viktig som elevrådsrepresentant har snakka om i møtet, at alle er synlege både framanfrå og bakfrå. FAU- leiar håper at alle elevane kan samlast i aulaen for å få informasjon om kampanjen.

FAU er og opptekne av trafikk på veg til og frå skulen, og utanfor skulen. Nokon sykklar veldig fort, blant anna på elsparkesyklar, nokon utan hjelm og refleks. Om morgonane er det mange elevar som skal bevege seg inn i skulegarden, og ser samstundes at nokre bilar køyrer opp med eller utan lov. Dei som ikkje har lov, må søkje om å få lov, om dei meiner dei har god nok grunn.

FAU har og vore i kontakt med politi, som skal kome å ha kontroll på om alt går fint for seg.

FAU har oppretta 17. mai- komitè.

Hovudutval:

Politikarane i Utval for barn og unge driv med behandling av og informasjon om kommunale planar, deriblant plan for å førebyggje åtferd og omsorgssvikt. Utvalet etterspør om avdelingane klarer å nå mål i planar, då dei ser det er omfattande.

Skulekringsgrensene har vore oppe igjen som emnet, då nye kringsgrenser trer i kraft når Kleppeloen skule står ferdig.

Kvalitetsmelding for alle skulane, for å sjå korleis skulane arbeider, og kva situasjonen er. Dette kan mellom anna nyttast til å lære av kvarandre.

SFO:

SFO slår saman grøn base og «klubben» pga at elevplassar blir sagt opp. Då får ein styrka med fleire vaksne på ei noko større avdeling.